

Etne bibliotek

Dato: 05.02.2018
Vår ref.: 2017/63-73
Saksbehandlar: terhaug
Dykkar ref.:

Søknad Rom for møte

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Rom for møte. Prosjektet dykkar har blitt tildelt kroner 15 000 kr i tilskot.

Grunngjeving

Ved søknadsfristen 15. januar var det kome inn 8 søknader. Samla søkesum var om lag 240 000 kroner. Det var totalt kr 180 000 til fordeling i 2018.

Det kom inn mange gode søknader, prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for prosjektet, som er at folkebiblioteka kan spele ei viktig rolle for å oppnå politiske målsetjingar innan inkludering, integrering og utjamning av digitale skilnader.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har gjeve fylkesrådmannen fullmakt til å fordele midlar til prosjekt i kommunane etter utlysing og i samsvar med prosjektplan. Tildelinga vert å leggje fram som referatsak for utvalet.

Vilkår for tilskotet – Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalte som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktiviteter, informasjonsmateriale mv. skal tilknytninga til Rom for møte og samarbeids-partnerar gjerast tydeleg, som Det felles Innvandrerråd i Hordaland (DFIRH).
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftlig til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjekt vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF-format. Merk faktura: 400.340.00.40085. Mottakar har ansvar for å kontrollera at ubetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalst attende snarast.

Rapportering/rekneskap

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

- Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette var gjort. Dokumenter gjerne med bilete.
- Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
- Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving.

- Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga. At krave til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

Det er viktig å merka rapporten med saksnummer 2017/63.

Lukke til med prosjektet!

Ruth Ørnholt
Fylkesbiblioteksjef

Terje Haugsgjerd
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.